



Døsmland bru er stengd så lenge bruvedlikehaldet pågår.

Dei fleste har fått med seg at det pågår eit omfattande bruvedlikehald i Uskedalen. Arbeidet gjeld både Eikebrua og Døsmland bru, begge fylkeskommunale. Det er MESTA som gjer jobben for Statens Vegvesen. Haugland Maskin frå Uskedalen er leigd inn for naudsynt maskinarbeid.

Byggeleiar er Melake Gebremichael i Vestland Fylkeskommune. Han fortel til Uskedalen, no at det er om lag det same vedlikehaldet som vert gjort på begge bruene. Arbeidet vert definert som mekanisk vedlikehald med nytt rekkverk og nytt dekke både under og over brua. Det er ikkje snakk om forsterking, heller ikkje utviding av breidda.

På Eikebrua vert det sett opp ny bakvegg og ny fuge på den eine sida. På Døsmland vil brua ha den same opninga for flaumvatn i bekken frå fjellsida og Rindo. Det er skilta informasjon om at arbeidet på Døsmland kan ta fire veker. Det er i lengste laget og arbeidet vert truleg avslutta før.



[Det er skilte informasjon på Døsslandsido. På hovudvegen går trafikken som vanleg.](#)

På Eik går trafikken som vanleg, så langt et let seg gjera. Arbeidet er til ei kva tid avgrensa til halve brua og trafikken skal kunna passera. Lysregulering og evt. bruk av vakter kan vera aktuelt i periodar med stor trafikk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal